

Fra: Einar Aase
Sendt: onsdag 29. juni 2022 09:53
Til: kontor@hamm-kam.no
Emne: SV: Spørsmål vedr. gbnr: 444/74

Hei;

Det er vanskeleg å gje tilbakemelding på mogelegheit for dispensasjon før handsaming av søknad. Dykk må sjølv ta ei vurdering av dette. Det er etter pbl.§19-2 krav om at fordelane ved tiltaket er klårt større enn ulempene. Det må gjerast ei konkret vurdering av tiltaket som vert søkt om, sett mot føresegner det vert søkt dispensasjon frå. Dispensasjonssøknad vil vidare bli sendt på uttale til andre mynder.

Angående gebyr så er dispensasjon frå arealføremål fakturert med 17 425,- ut frå gjeldande regulativ i 2022. Sjå punk 2.15.2 i gebyrregulativ. Dersom dykk søkjer om sjølve tiltaket i same runde som dispensasjon, vil det bli fakturert for tiltaket i tillegg. Dykk har mogelegheit til å søkje om dispensasjon isolert først, eller ta det saman med tiltak.

Håper dette svarte på spørsmål. Ha ein fin dag vidare!

Vennleg helsing

Einar Aase | Rådgjevar Plan og byggesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Fra: kontor@hamm-kam.no <kontor@hamm-kam.no>
Sendt: onsdag 29. juni 2022 07:51
Til: Einar Aase <enar.aase@alver.kommune.no>
Kopi: Ove Gundersen <ovegundersen@outlook.com>; Postmottak Alver <post@alver.kommune.no>
Emne: Spørsmål vedr. gbnr: 444/74

God morgon.

La ved delingsløyve for eigedomen.

Her har dei gjort grundig arbeid i sakshandsaminga og gjeve gode argumentert for bustadbygging, det er og satt vilkår om plassering («syd for høgda på tomta»).

Løyvet har jo og vore gjennom fylkesmannen utan klage.

Kva tenkjer du rundt moglegheitene for å få dispensasjon til bustad, basert på løyvet?

Siste spm; kva vert gebyret på ein evt. dispensasjonssøknad?, (synes gebyrregulativet er vanskeleg å navigere i, då ein ofte kan henge tiltaka på fleire knaggar).

Beste helsing

Marius Tenden



Org nr: 983 09 1539 MVA
Hella 60, 5936 Manger

Mob: 995 46 989